

Dalen i sentrum

Organ for eit balansert dalføre nr1 2008



Godt Nytt År! Og det opna knakande godt. Den fyrste nye velledalingen er alt vel i hamn vert det meldt frå komitéen som tel ungar. 2007 vart derimot eit svakt år, der vi mistenkjer fleire for å halde att i påvente av høgare barnetrygd. Våre teljarar kom til to –2- nye velledalingar sist år. Potensialet er høgare enn som så – vi tek det heilt ut i 2008 i staden.

Oppvekstsenter. Onsdag 9. januar klokka 18.00 vert det halde møte i grendahuset om oppvekstsenter i Velledalen. Rådmannen med fleire frå kommuna vil vere med å diskutere framtida til skulen og barnehagen. Eit viktig møte for dalen, så møt fram og målber meininga di.

Lag på Lag er ei samanslutning av alle lag som brukar Velledalen grendahus. Inntekta av arrangementa deira går i sin heilskap til grendahuset og kjem såleis heile dalen til gode.

- Dei aller fleste er flinke og stiller pliktoppfyllande opp, men det kan vere på sin plass med ei oppmoding til dei som veit dei skal bort arrangementsdagen. Legg dykk i selen og skaff ein erstattar. Eller i det minste gi melding om at de vert fråverande, seier leiar i "VG", Kristin Annlaugsdottir Grebstad, til DiS.

Brøvollsfestivalen vert også i 2008 arrangert på Velle I ei pressemelding frå festivalkomiéen heiter det at det brakar laust fredag 27. og laurdag 28.juni. Fredagen med festivaltelt, laurdagen med revy og dans.

- For dei som kan vere interessert i å bidra med idear til revyen, eller rett og slett delta, kan ein kontakte våre revyansvarlege både skriftleg og munnleg. Alle forslag vert tekne i mot med takk. Den fyrste og beste idéen vil bli premiært med gratis festivalplass, skriv Martin Hole i festivalkomiéen

Kontakt: Lovise Drotninghaug (lovised@hotmail.com) - tlf. 900 13 014
Bastian Skogvold (bastian6@hotmail.com) - tlf. 980 76 499

4 432 715,- vart omsetningstalet for Joker-butikken i Velledalen i 2007. Dette er 130 000,- over årsbusjettet. – Tala viser at folket i dalen vil ha butikk, og at fleire ser samanhengen kring dei goda vi har i ein utkant, men som vi faktisk må kjempe for å behalde, seier ein godt nøgd leiar i Velledalen i Balanse (ViB), Petter Velle, til DiS.

Bad deg til Madrid. Finn fram badetøyet og det litt kvikt! 1. januar gjekk nemleg startskotet for Norges Svømmeforbunds årlege aktivitetskampanje, der dei vaksne kan vinne tur til Madrid og ungane til Gøteborg. Innan 31.mars må dei vaksne ha lagt bak seg 10 000 meter, ungane minst 2500 meter i bassenget, for å vere med i turtrekninga. Det går vel greitt i det gode og varme vatnet i Velledalen symjehall. Ope tysdag, torsdag og laurdag. Velledalen symjehall trekkjer ut eit klippekort i kvar kategori som premie.

Vinterferien i Velledalen. Ja, vinterferieveka treng ein ikkje reise vekk. Vi rekner med det vert gode tilhøve for alle typer skiaktivitet på fjellet. Det kan handlast på Joker-butikken som er glade for å sjå deg, du kan bade i symjehallen, du kan la ganen din nokre minnerike stunder. Sildedagen i grendahuset 14.februar må berre opplevast, og like eins Hjortefesten same stad laurdag den 16.februar. Meir om desse arrangementa seinare.

Turr ved. Før eller seinare kjem det ein kuldebolck. Einaste sikre innrapportering på turr ved kjem frå Hundeidvika. Kontakt Ole Johnny Myrseth (evt. Steinar Myrseth).

Gløym ikkje: nettstaden www.velledalen.net



Åleine i verda. 3.januar fekk eg telefon frå Karl B. Lade. -Eg har eit fotoobjekt til deg, sa han. Motivet var ein hjordekalv. Ein einsam hjordekalv. Medan Per Gunnar Holmberg med familie var i Vietnam, gjekk denne hjordekalven og passa hagen hans. Mora var ikkje å sjå. Kanskje var ho skoten i jakta..., kanskje påkøyrert av ein bil... eller kanskje skremd av rakettane nyttårskvelden....?

Særleg redd var kalven ikkje, men kom eg nærare enn fem meter trekte den seg unna. Håpet er at den har funne att "kameratane" sine, slik at den slepp gå einsam kring om i verda.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.